

Byggesak Alver kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17212 - 20/66158

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:
20.10.2020

Gbnr 103/7 Fjellanger - lemstove - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til byggesøknad på gbnr 103/7 Fjellanger.
Førespurnaden gjeld uttale om riving av gammal lemstove på eigedomen.

Bygget som søknaden gjeld er ei lemstove som skal vera bygd i 1863. Underteikna har ikkje vore på synfaring i bygget, men utfrå kjennskap til tilsvarande bygg, er det mogleg at noko av tømmeret kan vera eldre. Bygget framstår som nokså autentisk utan større endringar i bygningsformen, med unntak av eit mindre tilbygg i aust. Det er også mogleg at taket er løfta, noko som var vanleg for å gjera lemmen meir føremålstenleg. Bygget har ein tørrmur i syd og i ein liten del av fasaden mot vest. Tørrmuren går rundt det som i følgje planteikninga er ein vedbod.

Lemstover av denne typen var dominante i heile vårt område, men i dag er svært mange rivne, bygd til eller ombygd i stor grad. Dette gjer at dei lemstovene som står att og som i liten grad er endra har høg kulturminneverdi. Fylkeskonservatoren i Vestland fylkeskommune har også peika på at slike lemstover er ein bygningsstype som kommunane bør ta eit særleg ansvar for. Muren i sør gjer bygget, etter vår vurdering, endå høgare kulturminneverdi.

Me viser til høyringsuttalen frå fylkesmannen som seier at «kommunen må vurdere om det gamle våningshuset har verneverdiar og eventuelt kan framstå som og fungere som eit reelt annex til det nye våningshuset». Vår vurdering er at bygget har høg verneverdi og bør bevarast, og at det bør gjevast løyve bruksendring til annex.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kopi til:

Marianne Aadland Sandvik

Mottakarar:

Byggesak Alver kommune